

Handlingsprogram og økonomiplan

2017 - 2020

Oppvekst og kultur



POLITISKE MÅL – SAMFUNNSDELEN 2008 – 2020

Gol kommune skal vera ein kommune det er godt å vekse opp i. Gol kommune skal ta vare på og vidareutvikle kulturarv og tradisjonar i eit fleirkulturelt samfunn. Gol kommune skal vera blant dei fremste i landet når det gjeld læringsmiljø og kunnskapsutvikling. Kommunen skal vera eit sentrum for spennande kunnskapsbedrifter og kreative fagmiljø.

Rausheit i møte med menneske frå framande kulturar er naudsynt i eit samfunn med veksande tal innbyggjarar frå andre nasjonar.

- God grunnutdanning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.
- Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/arbeidsliv.
- Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleve meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.
- Gol kommune vil arbeide for at kunnskapsbedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen.
- God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.
- Kommunen vil vera med å leggje til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.
- Gol kommune skal leggje til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.
- Kulturminne skal sikrast gjennom vern og bruk.
- Gol kommune skal leggje til rette for mangfald og kvalitet i kulturtilbodet med Hallingmo som naturleg midtpunkt.
- Gol kommune skal medverke til å styrkje sosialt fellesskap gjennom tilretteleggjing for aktivitet i friviljuge lag og organisasjonar.
- Alle skal ha høve til å delta i varierte og meningsfylte fritidstilbod.

POLITISKE MÅL – VEDTAK I PERIODEN

Barnehagen:

UKL-sak 35/15 Plan for kompetanseutvikling 2015 - 2020

F-skapet sak 22/16

Barnehagestruktur skal utgreiast med ulike alternativ

Handlingsprogram og økonomiplan – 2017 - 2020

Grunnskulen:

- UKL-sak 4/16 Endringar i organisasjonen for grunnskulen i Gol frå 01.08.16
- UKL-sak 5/16 Avtale om veiledning i kvalitetsutvikling for grunnskulen i Gol.
- K-sak 11/ 16 Kompetanse for kvalitet. Strategi for vidareutdanning av lærarar i grunnskulen i Gol fram mot 2025
- K-sak 12/16 Organisering av skuledagen og skuleveka Nye Gol skule
- UKL-sak 35/16 Kompetanseutvikling Gol skule skuleåret 2016-2017
- K-sak 50/16 Vedtekter for SFO Gol kommune. Endring frå 01.08.16
- K-sak 51/16 Elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø. Førebyggjande tiltak Nye Gol skule

Vaksenopplæring:

- K-sak 97/15 Lokaler til Læringscenteret
- k-sak 10/16 Stillingsheimlar undervisning og stillingsheimel sakshandsamar

Kultur:

- K-sak 103/15 Investering nr 5 Bibliotek. Avsett i økonomiplanen (budsjettsaka)
- F- sak 22/16 Revidering av kulturplan og Plan for idrett og friluftsliv
Kulturkonferanse
Framtidig bibliotekteneste
- K-sak 64/16 Fleirbrukshall Hallingmo – val av entrepenør og finansieringl
- K-sak 43/16 Forskottering av kostnad kunstgrasbane 2 på Hallingmo
- UKL-sak 14/16 Revidering av plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet
- UKL-sak Den kulturelle skulesekke. Strategi

STATLIGE MÅL – LOVVERK

Barnehage: Alle barn har rett til barnehageplass. Gol barnehage arbeider etter Lov om barnehagar m. forskrifter, Rammeplan for barnehagar og vedtekter for Gol barnehage

Grunnskule: Drifta ved skulen er heimla i Opplæringslova og tilhøyrande læreplanar. SFO er også heimla i Opplæringslova, men blir styrt etter kommunale vedtekter.

Vaksenopplæring: Drifta ved læringscenteret er er heimla i Opplæringslova § 4A-1 og 4A-2 (grunnskuleopplæring for vaksne) og Introduksjonslova (norskopplæring) og tilhøyrande læreplanar.

Kultur: Kulturlova, Folkebiblioteklova, Opplæringslova § 13.6 om musikk og kulturskoletilbod, Kulturminnelova, Plan- og bygningslova, Lov om film og videogram, Lov om kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet.

STATUS PÅ AVDELINGA I FORHOLD TIL POLITISKE OG STATLIGE MÅL

Barnehage:

Alle som har rett til barnehageplass får plass i tråd med dei krava lova stiller. Gol kommune gir også barn plass i barnehagen gjennom året jf. vedtak i kommuneplan. Dette er eit tilbod ut over lovkravet. I Lov om barnehagar står det «Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barn som fyller ett år i september eller oktober det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.»

Gol har låg andel med fagutdanna assistentar, og det er ingen menn som er fast tilsett i barnehagen. Dette gjev m.a. dårlegare plassering på kommunebarometeret.

Kva skal målast	Siste måling	Landssnitt	Mål 2017-2021
Del av barn 1-5 år i barnehage	89,6%	96,6	100% 3 – 5 år 80% 1 – 2 år
Tal menn i barnehagen	0% (pr. aug. 2016)	9%	5%

Tala nedanfor er henta frå Barnehagefakta (Udir) og KOSTRA som visar korleis Gol barnehage ligg i forhold til nasjonen på utvalde nøkkeltall.

Nøkkeltall	Gol kommune	Nasjonalt
Antall barn per tilsett	5,7	6
Andel barnehagar som oppfyller pedagognormen	66,7%	70,3%
Prosent av tilsette barnehagelærar	41%	41%
Prosent av tilsette barne- og ungdomsarbeider	11%	18%
Prosent av tilsette assistent (anna bakgrunn)	48%	41%
Andel minoritetsspråkleg barn i forhold til bosatte	65,6%	73,9%
Andel minoritetsspråkleg barn av alle barna i bhg	20,2%	15,3%
Andel barn med tilrettelagte tiltak (2111-2113-2114)	6,2%	9,9%

Grunnskule:

Mål for grunnskulen i Gol – beste arena for læring og vekst. Elevens læring er i sentrum – alle skal kunne nå så langt som dei har evner til. (k-sak 57/11)

Tala nedanfor er henta frå Skoleporten og seier noko om ressursinnsats og prioritering i grunnopplæringa frå kommunane . Tala gjeld skuleåret 2015-2016.

Grunnskulepoeng	38,6	41,2
Elevundersøkelse trivsel 7. trinn	4,6	4,2
Elevundersøkelse trivsel 10. trinn	4,2	4,2
Mobbing 7. trinn	1,1	1,2
Mobbing i skolene på 10.trinn	1,2	1,2

Handlingsprogram og økonomiplan – 2017 - 2020

Vaksenopplæring: Tala er for deltakarar frå nedre Hallingdal som får opplæringa si på Gol. Det er berre teke med resultatata for våren. Resultata frå prøva vinter har for få deltakarar til at det kjem fram i statistikkane.

Samfunnfagprøven – resultat 2015

Bestått prøve: Landet 78%

Gol 79%

Norskprøven – resultat vår 2015 posentandel Nedre Hallingdal

	Tal kandidatar	B1 (høgaste nivå)%	A2 (mellomnivå)%	A1 (lågaste nivå)%
Munnleg	34	Nasjonalt 40 Gol 56	Nasjonalt 50 Gol 35	Nasjonalt 9 Gol 9
Lytteforståing	33	Nasjonalt 59 Gol 55	Nasjonalt 31 Gol 39	Nasjonalt 10 Gol 6
Leseforståing	33	Nasjonalt 60 Gol 64	Nasjonalt 23 Gol 18	Nasjonalt 15 Gol 12
Skriftleg framstilling	33	Nasjonalt 26 Gol 27	Nasjonalt 50 Gol 48	Nasjonalt 21 Gol 18

Tabellen viser kor mange personar som tok ei norskprøve og prosentvis resultatet på dei ulike delprøvene for munnleg og for lesing, lytting og skriftleg.

Frå og med sommaren 2014 er det nye prøver i norsk. Dette gjer at resultatata ikkje kan samanliknast med tidligare resultat. Det er ikkje lenger mogeleg å stryke på norskprøvene. Resultatene på norskprøvene viser oppnådd språknivå B1, A2, A1, om resultatet var under nivå A1 eller om det ikkje var grunnlag for å vurdere nivået. Fra og med vinter 2015 måler Norskprøven også språknivå B2. Ein omtale av språknivåa er tilgjengelig på vox.no.

Tabellen oppgir kor mange personar som har gått opp til prøve i den aktuelle kommunen uavhengig av eleven sin bukommune.

Grunnskuleopplæring:

Det er ikkje opplysingar om resultatata for grunnskuleopplæring for vaksne på landsplan. Det er difor ikkje mogeleg å samanlikne resultatata i Hallingdal med resultat andre stader i landet. For Hallingdalskommunane er resultatet våren 2016 dette: Av dei deltakarane som har fullført grunnskule våren 2016 har x fått karakteren xx eller betre. Eksamensresultat skriftleg:

Kultur

Overordna mål for kulturavdelinga

- Biblioteket skal styrkjast som møteplass og kulturarena
- Tilbodet av digitale formidlingstenester skal aukast
- Gol kommune skal profilere seg og bygge sin identitet på synleggjering av kulturminne og lokalhistorie og skal bidra til å spreie kunnskap om kulturarven vår
- Kultur skal brukast aktivt i sentrumsutviklinga og som omdømmebyggjar for Gol
- Kulturskulen skal vera eit kulturpedagogisk ressurscenter i kommunen og skal støtte, hjelpe og samarbeide med andre aktørar som barnehage, skuleverk, det frivillige kulturlivet, næringslivet og andre aktørar
- Det skal utviklast aktivitetsanlegg som er tilpassa barn og ungdoms behov for spennande utfordringar og uorganisert fysisk aktivitet.
- Kommunen skal leggje til rette for og stimulere til eit rikt og mangfaldig organisasjonsliv ved hjelp av økonomiske tilskot, rettleiing og informasjon

Det blir ikkje gitt tilskot til prosjekt og arrangement for frivillige lag og organisasjonar. Det blir gitt aktivitetstilskot for barn under 18 år. Det blir vidare gitt tilskot til husleige.

Det er ikkje vedteke igangsetting av arbeid med kulturminneplan. Det er heller ikkje gjort vedtak om revidering av kulturplanen.

Biblioteket er tilgjengeleg for skulane og publikum på dag og kveldstid, utanom sundag og måndag. Det er ikkje tilstrekkeleg med midlar til nyinnkjøp av bøker.

Kulturskulen brukar gruppeundervisning i større grad. Dette er ikkje alltid fagleg forsvarleg. Det er heller ikkje det som elevane etterspør eller ynskjer.

Det er eit ynskje å få opp talet på elevar på kulturskulen. Frå hausten 2016 er kulturskulen samlokalisert med Gol skule. Dette kan gi positive verknader for elevtalet, sidan aktiviteten på kulturskulen er lettare å samordne med SFO og skulekvardagen elles.

Det er ikkje tilstrekkeleg med midlar for å gjennomføre forestillingar som er opne for publikum. Det er heller ikkje midlar til å gjennomføre arrangement som er særleg retta mot integrering og inkludering.

Det er ikkje budsjettmessig dekning for Gol kommune å ha deltakarar deltakarar på Ungdommens kulturmonstring.

TENESTEKATALOGEN – LOVPÅLAGTE / IKKE LOVPÅLAGTE OPPGÅVER – FØLT KVALITET PÅ TJENESTENE

Barnehage: Gol kommune tek inn barn fortløpande gjennom barnehageåret. Dette er eit tilbod ut over lovkravet, og fører til at det er litt ledig kapasitet i hausthalvåret. Ved auke i barnetalet utover normal barnegruppe kan det på enkelte avdelingar føre til at minstekravet til tal på pedagogar ikkje blir gjennomført.

Grunnskule:

Oppgåve/tenesteområde	Nivå på teneste
Administrasjon /leiing	Vedtatt 300% i K-sak 7/15
Vanleg opplæring	Elevtal i klassane vil vera på 18 (1. kl.) - 26. (b-trinn) Nye klasserom bygd for 25. (jfr. K-sak 50/09)
Klassedeling etter målform	Ikkje klassedeling etter målform Nynorsk vedtatt målform. Talet på bokmåselevar aukar sterkt
Spesialundervisning	Del av elevar med enkeltvedtak aukar Del av timetal til spes.underv. lågt i ft nasjonalt nivå.
Tilpassa opplæring /tidleg innsats	Tilpassa opplæring gjeld alle. Blir gitt i form av lesekurs. Tidleg innsats gjeld 1.-4.kl. Gol får tildelt ekstra statlege midlar pga mange elevar per lærar
Norsk for minoritetsspråklege	Del av elevar med særskilt norskopplæring høgt over nasjonalt nivå (sjå Kostra-tal)
Morsmålsopplæring	Blir ikkje gitt
Sosialpedagogiske oppgåver	Lovpålagt u.trinn. Ikkje barnetrinn. Skulen har komande skuleår prioritert å styrke ressursen til desse oppgåvene utover det som er lovpålagt.
Assistentoppgåver skulen inkl. leksehjelp	Tal på assistentar høgt samanlikna med andre. Blir brukt til spesial-undervisning, leksehjelp og SFO.
Obligatorisk fysisk aktivitet	Blir organisert svært rimeleg
Leksehjelp	Tal på elevar som får leksehjelp er på eit minimum
SFO	Brutto driftsutgifter ligg høgt Netto driftsutgifter ligg lågt.

Vaksenopplæring:

Læringscenteret gir opplæring i norsk m/samfunnskunnskap til innvandrere busette i Nedre Hallingdal, og grunnskuleopplæring til vaksne i alle Hallingdalskommunane. På grunn av for lite tilgang på lokale, har det i periodar vore ventetid for norskopplæringa. Dette vil bli vesentleg endra frå hausten 2016.

Kulturavdelinga:

Medlems- og aktivitetstilskot til medlemmer i friviljuge organisasjonar under 18 år er av budsjettmessige grunnar vesentleg mindre enn det laga har søkt om. Det er ikkje budsjettmessig dekning for tilskot til kulturarrangement i regi av friviljuge lag. Andre kulturtiltak/arrangement er også mykje redusert.

FORSLAG TIL ADMINISTRATIVE TILTAK FOR Å NÅ MÅLA

Barnehage:

- Halde fram å ha nok barnehageplassar med noko ledig kapasitet på hausten for å gje tilbod til dei som søker etter fristen 1. mars, og utvide barnegrupper til maksimal godkjenning frå januar ved behov.
- Ikkje redusere drifta utover reduksjon for å tilpasse tilsette best mogeleg etter tal på barn.
- Gol barnehage må vidareutvikle arbeidet med tidleg innsats for å førebygge mot seinare vanskar for kvart einskild barn og deira familiar. Dette krev fortsatt systematisk arbeid med kompetanseheving ved å ha nok tilsette og kvalifisert tilsette.

Grunnskule:

- Gol skule mottar veiledning frå Utdanningsdirektoratets veiledningskorps (VK16) i 2016 – 2018. Hovudfokus vil vera læringsleiing og eit inkluderande skulemiljø.
- Felles Løft for tidleg innsats er eit satsingsområde for alle skulane i Hallingdal. Skuleåret 2016-2017 er hovudfokus heilskapleg lese-og skriveopplæring.
- Skulen satsar sterkt på vidareutdanning av lærarar, jfr. Kompetanse for kvalitet. Strategi for vidareutdanning av lærarar i grunnskulen.

Vaksenopplæring:

Nytt skuleadministrativt system er teke i bruk. Organisasjonen vil bli vidareutvikla. Flyktingetenesta/NAV vil kunne etablere kontor på Læringscenteret. Det faglege tilbodet vil kunne bli breiare og omfatte meir praktiske fag, når Læringscenteret er etablert i nye lokale. Større og meir eigna undervisningsrom gjer at det kan vera plass til fleire deltakarar på dei einskilde gruppene.

Ein bør evaluere arbeidsfordelinga mellom flyktingetenesta /NAV og Læringscenteret for deltakarane på introduksjonsprogram.

Handlingsprogram og økonomiplan – 2017 - 2020

Kultur:

Friviljug innats gjennom organisasjonar har ein stor verdi. Å stimulere aktiviten til lag og organsiasjonar gjennom aktivitetstilskot o.a. gir store positive ringverknader. Det er ynskjeleg å auke desse tilskota vesentleg.

Auka kulturell aktivitet som festivalar og andre arrangement med publikumtilstrøyming, vil gje ringverknader for næringslivet i Gol. Ein kan sjå for seg eit arrangementsfond med bidrag både frå kommune og næringsliv; der ei krone frå næringslivet garanterer ei krone frå kommunen. Dette vil vera ei friviljug ordning der næringslivet betalar inn etter evne/omsetnad, anten ein prosentvis del eller eit gitt kronebeløp rekna ut etter omsetnad. Arrangørar; lag og organisasjonar kan søkje arrangementsfondet om støtte. Gol kommune vil kunne nytte delar av avkastinga til næringsfondet til eit slikt arrangementsfond.

Det skal gjerast ein driftsavtale med Gol idrettslag og drift av Fleirbrukshallen på Hallingmo.

FORSLAG TIL NYE INVESTERINGSTILTAK

Tiltak-nr	Tiltak-tekst	2017	2018	2019	2020
9805	Gol barnehage - ombygging av Herad skole	5 000 000	-	-	-
9806	Kultur - flerbrukshall - klatrevegg	1 500 000	-	-	-
9807	Kultur - hall treningsrom - apparat, lydanlegg m.v.	200 000	-	-	-
9808	Kultur - hall utstyr, skomgrop, lydanlegg	1 000 000	-	-	-
9809	Kultur - hall sosiale rom og ymse	200 000	-	-	-
9810	Læringssenteret - opp-pussing toalett og garderober	500 000	-	-	-
9811	Læringssenteret - opp-pussing klasserom og fellesareal	100 000	100 000	100 000	100 000
	Totale forslag - investeringar	8 500 000	100 000	100 000	100 000

Barnehage: Dette vil avhenge av framtidig barnehagestruktur

Grunnskule:

Supplering av inventar

Vaksenopplæring:

Gamle Gol skule var planlagt avhenda. Naudsynt vedlikehald av innomhusarealet vart difor ikkje gjort. Det må gjerast ei vurdering av oppussingsbehovet for klasserom, fellesareal og garderobe/toalett-tilhøva for dei tilsette.

Kultur:

Idrettshall: Det er ikkje lagt inn midlar inventar/utstyr ut over det som ligg i anbodsdokumenta. Det manglar difor midlar til utstyr i basishallen, klatreveggen, sosiale rom og grupperom. Gol kommune og Gol il skal fordele kostnaden til dette utstyret mellom seg, men fordelinga er ikkje avklara.

Driftsavtalen mellom Gol il og Gol kommune er ikkje ferdig forhandla.

Innkjøp av lys- og lydutstyr til kultursal i Gol skule: Her er det eit behov, men ein finn førebels ikkje inndekning for investeringa.

FORSLAG TIL NYE DRIFTSTILTAK FOR Å NÅ MÅLENE

Barnehage: Tilby inntil seks barnehageplassar til barn frå Gol statlege mottak. Dette gjev ei ekstraintekt på inntil kr. 500 000 per år.

Grunnskule:

Auka klassetal ungdomstrinnet: Neste års 8. trinn har 60 elevar. Desse bør delast på 3 klassar slik dei er no på 7. trinn. Dette gjeld fag og timar der det elles ikkje er 3- og 4-delning, valfag, språkfag, praktisk-estetiske fag. Klassetalet totalt på skulen blir det same, fordi det vil berre bli to klassar på 1. trinn.

Spes.ped-koordinator i 40% stilling. Skal koordinere alle spes.ped-tiltak og vera kontaktperson for PPT. Vil vera eit tiltak for å redusere talet på elevar med spesialpedagogiske tiltak

Vaksenopplæring:

Det vil bli vurdert om deltakarar på Introduksjonsprogram skal ha eit fagtilbod med opplæring innan reinhald og enklare vaktmeitertjenester. Skulebygget eignar seg som øvings-og opplæringsarena for dette. Mykje av reinhaldet vil dermed kunne utførast av deltakarar på introduksjonsprogram.

Grunnskuleopplæring: Ny samarbeidsavtale mellom kommunane legg opp til eit treårig løp. Dette gir ingen auka årleg kostnad, fordi dette blir dekt av innsparte midlar til norskopplæring for minoritetsspråklege

Kultur:

Alle skal ha høve til å delta i varierte og meningsfulle fritidstilbod.

- Tilbod om gratis plassar eller sterkt reduserte prisar i kulturskulen for økonomisk vanskelegstilte barn
- Barnas verdensdager (eller tilsvarande)

FORSLAG TIL INNSPARINGSTILTAK MED KONSEKVENSER FOR POLITISKE OG STATLIGE MÅL

Tiltak-nr	Tiltak-tekst	2017	2018	2019	2020	M
9760	Gol barnehage - reduksjon tilsette - barnehagestruktur	-200 000	-500 000	-500 000	-500 000	2
9761	Gol barnehage - reduksjon tilsette - barnehagestruktur	-200 000	-500 000	-500 000	-500 000	2
9762	Gol barnehage - reduksjon tilsette - barnehagestruktur	-110 000	-270 000	-270 000	-270 000	2
9763	Gol barnehage - reduksjon tilsette - barnehagestruktur	-20 000	-50 000	-50 000	-50 000	2
9764	Gol barnehage - reduksjon tilsette - barnehagestruktur	-	-300 000	-300 000	-300 000	
9765	Gol barnehage - reduksjon tilsette	-100 000	-250 000	-250 000	-250 000	2
9766	Gol barnehage - inntekt tilskudd asylmottak	-450 000	-450 000	-450 000	-450 000	T
9767	Gol skole - tidsressurs IKT-lærer	-80 000	-200 000	-200 000	-200 000	2
9768	Gol skole - vikarressurs - 50% lærerstilling	-100 000	-250 000	-250 000	-250 000	2
9769	Gol skole - praktisk-estetiske fag	-100 000	-250 000	-250 000	-250 000	2
9770	Gol skole - reduksjon spes.ped.ressurs - 50 %	-	-100 000	-250 000	-250 000	
9771	Skolesektoren - redusert skyss	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000	
9772	Kultur - redusert åpningstid klubben	-100 000	-	-	-	H
9773	Kultur - redusert tilbud kulturskolen	-50 000	-100 000	-	-	H
9774	Kultur - redusert løypetilskudd	-300 000	-200 000	-150 000	-150 000	
9775	Kultur - refusjon lønnsutgifter - samarbeid Hallingdal	-100 000	-	-	-	H
	Totale forslag - innsparinger	-2 010 000	-3 520 000	-3 520 000	-3 520 000	

Barnehage: Dette vil avhenge av framtidig barnehagestruktur

- Eit innsparingstiltak som kan ivareta variasjon i tal på plassar er å ha barnehagebygg som lett kan ta i mot større kull når det er behov, og mindre kull utan at barnehagen blir så redusert at det blir både få barn og tilsette, så dei som er knytta til barnehagen blir redd for nedlegging eller dårlegare tilbod.
- Det bør ikkje vere aktuelt å redusere kvaliteten og tilbodet i høve til politiske og statlege mål. Tilstrekkeleg og kvalitativt gode barnehagar er naudsynt for Gol kommune for å vere ein attraktiv kommune å bu i og flytte til.
- Betre utnyttig av kapasiteten på avdelingane ved å ha større barnehagar og færre barnehagar : redusere 200%
- Mindre støtteressurs til førebyggjande tiltak ved færre barnehagehus: redusere 50% stilling
- Mindre ressurs til administrasjon for Gol barnehage ved tre barnehagar på 4-5 avdelingar, og reduksjon av ressurs til dagleg leiar ved å gå frå tre små til ein større barnehage med å redusere på administrasjonstid og tid til vikararbeid: redusere totalt 110% stilling

Grunnskule:

- Redusert stilling for IKT-lærer frå 100% til 60% stilling. Innsparing 40% stilling.
- Reduksjon vikarressurs og reduksjon praktisk/estetiske fag 50% stilling
- Frå hausten 2018. Redusert timetal til spesialundervisning med 50 % stilling. Forutset at styrkingstiltak i form av lesekurs, språk-kurs og ekstra lærarressurs i matematikk og engelsk blir oppretthalde. Forutset også at ressursar til tidleg innsats blir oppretthalde.

Vaksenopplæring:

Interkommunalt samarbeid gjer at verksemda går i balanse. Auka utgifter til driftskostander bygningar, vil bli kompensert ved at det blir høve til å ha fleire deltaklarar i dei einssilde gruppene. Auka utgifter til grunnskuleopplæring blir dekt av innsparne midlar til norskopplæring

Kultur:

- Redusert opningstid ungdomsklubben
- Redusert tilbod kulturskolen
- Redusert løypetilskot

VURDERING AV MÅLSETTINGENE – FORSLAG TIL DEBATT

Barnehage:

- Tidleg innsats krev at Gol kommune har godt kvalifisert tilsette og ressursar å sette inn for å styrke det einssilde barn si utvikling før skulestart. Korleis oppnå at alle som arbeider i barnehage har ein form for barnehagefagleg utdanning og at det er nok ressursar for å sette inn i dette arbeidet?
- Korleis drifte barnehageverksemda så den er både kvalitativ og kvantitativ god med ein økonomi som gjev eit handlingsrom til å drifte tilfredsstillande? Barnehagebygga må ivareta tryggleiken til barna og arbeidsmiljøbehov til dei tilsette. Kostra-tal viser at Gol barnehage blir drifta på gjennomsnittet eller under i Hallingdal, Buskerud og landet elles på alle tenesteområda innan barnehage.

Grunnskule:

- Kor store bør klassane vera for at det fortsatt skal vera fagleg forsvarleg med godt læringsutbytte, tilpassa opplæring og eit godt elevmiljø ?
- Korleis kan talet på elevar med behov for spesialpedagogiske tiltak reduserast ved å styrke tilpassa opplæring ?

Vaksenopplæring:

På kva måte kan ein leggje til rette for og ha fokus på grunnleggjande ferdigheiter og tilpasse undervisninga på best mogleg måte for den einssilde deltakar. Slik situasjonen er i dag veit ein at bakgrunn til deltakarane varierer stort når det gjeld skulegang. I tillegg er det stort alderssprik. For mange vil det vere aktuelt med ei opplæring, med hovudvekt på praktisk opplæring. Korleis kan Læringscenteret leggje til rette for dette?

Kvar bør aldersgruppa 16-18 år få opplæringa si; på Læringscenteret, eller saman med andre jamnaldringar.

Kultur:

- Verdien av frivillig innsats og frivillige lag og organisasjonar.
- Lage eit kulturrekneskap for Gol kommune?
- Gruppeundervising vs individuell undervising på kulturskulen.
- Skal Gol kommune vera ein kommune utan egne kulturarrangement?

Hallvor Lilleslett

NYE INVESTERINGSTILTAK

OPPVEKST OG KULTUR

BUDSJETTSKJEMA – DRIFTSKONSEKVENSAAR 2017 - 2020 NYE INVESTERINGER SOM AUKAR KVALITETEN

Tiltaknr.	9805 – Oppvekst og kultur – Gol barnehage overtek Herad skule				
Prioritetsnr. innan avdelinga	Inv1				
Prosjekt	9805				
Tiltak(beskriving – nøkkelord)	Oppgradere Herad skule til barnehage				
Henvisning lovverk					
Art/År	2017	2018	2019	2020	Totalt:
INVESTERING (BRUTTO):					
00000 – 00999					
01000 – 02999	5.000.000				
	5.500.000				
06000 – 06999					
07000 – 07999					
Kort beskriving av tiltaket:					
<p>Dei 3 barnehagane Rotneim, Øygdane og Åsgardane treng investeringar til vedlikehald og påbygging (variert frå bygg til bygg). Barnehagane er bygd mellom 1920 og 1950. Alle er under 3 avdelingar, og for å unngå at barnehagane blir vanskeleg å drifte i periodar med lågt barnetal og låg søking til den einskilde barnehage er det betre med barnehagar frå tre avdelingar. Ved utrekninga er det lagt til grunn oppussing og noko ombygging av 800 m² av Herad skule og utbetring av uteområdet frå skule til barnehageleikeplass. Tidlegare kalkyle frå arkitektfima i 2014 er halvert ved å gjere ei enklare løysing.</p>					
På kva for måte kan tiltaket få ekstern finansiering – evt.korleis kan tiltaket bli finansiert?					
Tiltaket må bli finansiert med lån.					
På kva for måte kan tiltaket redusere driftsutgiftene (effektivisering):					
<p>Ein reduksjon av tal på barnehagar vil føre til reduksjon av administrasjonsressurs (sjå eige negative tiltak). I tillegg kan ein rekne med redusert barnetal som betre kan utnytte grunnbemanninga (sjå eige negative tiltak).</p> <p>I tillegg kjem reduksjon på drift av bygga ved samordning av 3 barnehagar. Dette vil bli teke med som konsekvens frå kommunalsjef for Samfunn og utvikling</p>					

BUDSJETTSKJEMA – DRIFTSKONSEKVENSA 2017 - 2020 NYE INVESTERINGER SOM AUKAR KVALITETEN

Tiltaknr.	9806 – Oppvekst og kultur - klatrevegg				
Prioritetsnr. innan avdelinga	Inv1				
Prosjekt	9806				
Tiltak(beskriving – nøkkelord)	Klatrevegg				
Henvisning lovverk					
Art/År	2017	2018	2019	2020	Totalt:
INVESTERING (BRUTTO):					
00000 – 00999					
01000 – 02999	1.500.000				
	1.500.000				
06000 – 06999					
07000 – 07999					
Kort beskriving av tiltaket:					
På kva for måte kan tiltaket få ekstern finansiering – evt.korleis kan tiltaket bli finansiert?					
Det skal forhandlast ei kostnadsdeling mellom Gol kommune og Gol il					
På kva for måte kan tiltaket redusere driftsutgiftene (effektivisering):					

BUDSJETTSKJEMA – DRIFTSKONSEKVENSA 2017 - 2020 NYE INVESTERINGER SOM AUKAR KVALITETEN

Tiltaknr.	9807 – Oppvekst og kultur – Treningsrom hall				
Prioritetsnr. innan avdelinga	Inv2				
Prosjekt	9807				
Tiltak(beskriving – nøkkelord)	Oppbygging av treningsrom (apparat, lydanlegg m.m.)				
Henvisning lovverk					
Art/År	2017	2018	2019	2020	Totalt:
INVESTERING (BRUTTO):					
00000 – 00999					
01000 – 02999	200.000				
	200.000				
06000 – 06999					
07000 – 07999					
Kort beskriving av tiltaket:					
På kva for måte kan tiltaket få ekstern finansiering – evt.korleis kan tiltaket bli finansiert?					
Det skal forhandlast ei kostnadsdeling mellom Gol kommune og Gol il					
På kva for måte kan tiltaket redusere driftsutgiftene (effektivisering):					

BUDSJETTSKJEMA – DRIFTSKONSEKVENSA 2017 - 2020 NYE INVESTERINGER SOM AUKAR KVALITETEN

Tiltaknr.	9808 – Oppvekst og kultur – hall – div. utstyr				
Prioritetsnr. innan avdelinga	Inv3				
Prosjekt	9808				
Tiltak(beskriving – nøkkelord)	Utstyr, skomgrop, lydanlegg i basishall				
Henvisning lovverk					
Art/År	2017	2018	2019	2020	Totalt:
INVESTERING (BRUTTO):					
00000 – 00999					
01000 – 02999	1.000.000				
	1.000.000				
06000 – 06999					
07000 – 07999					
Kort beskriving av tiltaket:					
På kva for måte kan tiltaket få ekstern finansiering – evt.korleis kan tiltaket bli finansiert?					
Det skal forhandlast ei kostnadsdeling mellom Gol kommune og Gol il					
På kva for måte kan tiltaket redusere driftsutgiftene (effektivisering):					

BUDSJETTSKJEMA – DRIFTSKONSEKVENSAER 2017 - 2020
NYE INVESTERINGER SOM AUKAR KVALITETEN

BUDSJETTSKJEMA – DRIFTSKONSEKVENSAER 2017 - 2020
NYE INVESTERINGER SOM AUKAR KVALITETEN